



## Notat

Dato: 29.02.2016  
Arkivsak: 2015/6388-39  
Saksbehandlar: elsaaro1

---

|             |                          |
|-------------|--------------------------|
| <b>Til:</b> | Mette Nora Sætre         |
| <b>Frå:</b> | Else-Marie Brobakke Aarø |

---

### NOTAT

Regionalavdelinga leiar for styringsgruppa nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse Mette Nora Sætre

## Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland 2015-17 - samarbeid i Hordaland fylkeskommune

*Prosjektinformasjon og førespurnad om moglege prosjektsamarbeid mellom avdelingar i Hordaland fylkeskommune.*

### Bakgrunn:

Hordaland fylkeskommune deltek i eit nasjonalt utviklingsprosjekt om nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse. Første året i prosjektperioden fekk fylkeskommunen tildelt 2 millionar kroner over statsbudsjettet. Det vil bli søkt nye midlar i 2016 og 2017 under føresetnad av budsjetttilsegn frå Stortinget. Til saman er åtte fylkeskommunar valt av Helsedirektoratet til å delta i det tre-årige metode, kartlegging og utviklingsprosjektet.

### Samarbeid:

Det er ei forventning om å utvikle samarbeid som omfattar fleire forvaltingsnivå – både kommunalt, fylkeskommunalt og på sentralt nivå. Frå staten side deltek mellom anna Helsedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Statens vegvesen, Husbanken og Miljødirektoratet. Både kommunane og fylkeskommunane blir utforda på å etablere samarbeid på tvers av sektorar og forvaltingsnivå.

### Deltakarkommunar og samarbeid med regionalt utdanningsmiljø

I fylket søkte 7 kommunar om deltaking. Hordaland fylkeskommune har valt ut kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord som samarbeidskommunar. Det skal inngåast samarbeidsavtale med kvar kommune. Eit anna kriterium for deltaking i prosjektet er samarbeid med høgskule/universitet i eigen region. Det skal leggest til rette for kompetansebygging om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse.

### Målsetting

Målsettinga for prosjektet er gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjer folkehelse. Gjennom prosjektet skal kommunane få meir kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna. Dette skal gjerast gjennom stor grad av medverknad frå innbygarane. Gjennom slik kunnskap skal kommunane å få betre kvalitativt kunnskapsgrunnlag, som skal nyttast for planar og tiltak knytt til lokale folkehelseutfordringar. Deltakarkommunane i Hordaland utviklar eigne prosjektmål knytt til lokale kunnskapsbehov. Prosjekta i Hordaland skal kartlegge nærmiljø og lokalsamfunn i relasjon til

folkehelse med ulik ståstad som samferdsel, bomiljø, sosiale møteplasser og trivsel på skule. Tilskotet skal nyttast til kartlegging, metodeutvikling, kompetanseheving og erfaringsdeling.

Milepælsplan – etter grovskisse frå Helsedirektoratet

- Fase I: Rekruttere og involvere kommunar, - forankring, kompetansebygging, støtte/vegledning og tilskot. Utvikle formidlingsopplegg der døme på næringsmiljøkvalitetar, metodar for å hente inn kunnskap med meir skal formidlast til kommunane. Årleg rapportering - framdrift og status om dei lokale prosjekta.
- Fase II: Gjennomføre regionale samlingar basert bl.a. på regionale og lokale problemstillingar. Innarbeide kunnskap frå utviklingsarbeidet i kommunane sitt planarbeid. Årleg rapportering - framdrift og status for dei lokale prosjekta.
- Fase III: Tiltaksmidlar frå 2017. Tiltaksmidlar må søkjast i samarbeid med andre aktørar. Ikkje eigne tiltaksmidlar i prosjektet.

Milepælsplan for prosjektet i Hordaland er under utvikling.

#### Organisering

##### *Prosjektorganisering i kommunane*

Kommunane har etablert eigen prosjektorganisasjon. Felles er at prosjektansvarleg er rådmannen eller representant frå rådmannen si leiargruppe. Prosjektgruppene/arbeidsgruppene er samansette med representantar frå ulike sektorar i kommunane. Fleire nyttar styringsgrupper med politiske representantar. Fleire kommunar vil knyte ressursgrupper med representantar frå befolkninga/lag og organisasjonar tett på utviklingsarbeidet.

##### *Prosjektorganisering HFK*

Prosjektleiarsvaret er lagt til fylkeskommunen for å styrke den regionale utviklingsrolla. Prosjektet er forankra i Regional plan for folkehelse. Fylkesdirektør for regional utvikling er delegert oppfølgingsansvar for folkehelsearbeidet i HFK frå rådmannen. Det vil bli lagt fram sak til dei politiske utvala om prosjektet.

|                         |   |
|-------------------------|---|
| Prosjekteigar HFK:      | Fylkesdirektør for Regionalutvikling Bård Sandal  |
| Styringsgruppe:         | Leiargruppa Regionalavdelinga, leiar styringsgruppa Næringsssjef Mette Nora Sætre   |
| Prosjektleder:          | Seniorrådgjevar Else-Marie B Aarø   |
| Prosjektgruppe:         | Frå HFK: prosjektleder, seniorrådgjevar lokalsamfunnsutvikling, representant frå planseksjonen/barn og unge?, rep. Forsking, internasjonalisering og analyse (ved behov). Prosjektledarar Bømlo, Stord, Askøy, Fjell, representant regionalt høgskulemiljø. |
| Rolle                   | <i>Koordinerende og utviklende funksjon som utvikling av viktige milepælar, metode og kompetanseutvikling, evaluering, formidlingsarbeid mm. Sikre samarbeid på tvers av prosjektet.</i>  |
| Sekretariat             | Regionalavdelinga   |
| Ressursgruppe/ Nettverk | Faglege ressurspersonar frå andre fagavdelingar i HFK og representantar frå ulike høgskulemiljø, og andre samarbeidspartar til dømes statlege organ.  |

#### Samarbeid mellom avdelingar i Hordaland fylkeskommune ut mot deltakarkommunane

Prosjektet skal sikre tverrsektoriell samhandling. I ulike fasar i prosjektutviklinga kan det vere behov for nyttegjere seg fylkeskommunen sine ulike fagavdelingar sin rådgjevande kompetanse i samarbeidet med kommunane. Vi ønskjer å etablere ei ressursgruppe/samarbeidsnettverk til støtte for prosjektet. Grappa

skal vere i kunnskapsbase og samarbeidspart med sekretæriet. Ressurspersonar kan inviterast inn i samarbeidsoppgåver med einskild kommunar innan eige fagområde, og bidra med sin kompetanse på samlingar der det er relevant. Det vil vere ulike behov i ulike fasar av prosjektutviklinga. Omfanget av slik deltaking må avklarast nærare i samarbeid med kommunane.

Aktuelle samarbeidsavdelingar kan vere Idrett- og kulturavdelinga, Samferdselsavdelinga og Opplæringsavdelinga, einingar ved Regional avdelinga.

*«Regionalavdelinga ber om samarbeid med aktuelle einingar i Hordaland fylkeskommune knytt til prosjekt «nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland. Endeleg avklaring av kompetansebehov kjem seinare».*